

10.trinn – veke 3 og 4

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **10A:** Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **10B:** Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærer **10C:** Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Me repeterer “Karens jul” av Amalie Skram. Du skal lære om dei fire store. Me jobbar særleg med forfattarane Alexander L. Kielland og Bjørnstjerne Bjørnson, og les tekstane Karen og Faderen. Du skal kjenne att trekk frå tidsperioden realismen. Du skal ha ein kort fagsamtale der du snakkar om “Karen” eller “Karens jul”.
Engelsk	Du skal kunne hente ut viktig informasjon frå filmen, The Hate You Give, og bruke dette i eigen tekstproduksjon om filmen og problemstillingane som blir tatt opp i filmen. Du skal kunne skrive ein nøyaktig personkarakteristikk av ein person frå filmen.
Matematikk	Du skal vite korleis du faktoreriserer tall og variablar, og samansette uttrykk. Du skal kunne multiplisere inn i parentes med fleire ledd. Du skal kunne setje inn tal for variablar, og rekne ut verdien. Du skal kunne sjå samanheng mellom algebra og geometri.
KRLE	Du skal kunna forklare kva religionskritikk er og kome med døme på ulike typar religionskritikk.
Samfunnsfag	Du skal kunne fortelje om velferdssamfunnet i Norge, korleis velferdsstaten fungerer og kunne reflektere over utfordringar med dette systemet i dag og i framtida.
Naturfag	Du skal kunne presentere eit økosystem, drøfte utfordringar som påverkar biologisk mangfald og utforske bærekraftige løysningar. Du skal kunne forklare produksjon og bruk av naturressursar og korleis dette kan koplast til miljø og berekraft.
Tysk	Du skal kunne ubestemt og bestemt artikkel i alle kjønn og kasus. Du skal kunne analysere setningar og finne V, S, DO og IO, og kunne bruke rett kasus i dei ulike setningsledda. Du skal kunne personlege pronomen i ulike kasus. Du skal delta i enkle, spontane samtalar om daglegdagse emne. Du skal kunne preposisjonar som styrer dativ.
Engelsk fdj.	Du skal lese ei bok, hente ut viktig informasjon, finne språklege verkemiddel og kunne presentere boka for resten av gruppa.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne føre rekneskap for elevbedrifta di. Du skal kunne vidareutvikle bedrifta di. Du skal skrive/snakke innlogg, gjerne med bilete eller video.
Kroppsøving	Du skal kjenne til prinsippa for livredning og repetere tidlegare lært kunnskap. Du skal kjenne til viktige reglar for ferdsel ved vatn. Du skal gjennomføre livredning i kaldt vatn.
Musikk	Du skal kunne lære deg felles koreografi. Du skal kunne samarbeide og i gruppe lage ein kreativ dans.
K & H	Me jobbar med perspektivteikning, innlevering av oppgåve i veke 4.
Olweus	Du skal lage ein antimobbekampanje retta mot elevar på mellomtrinnet, og vise forståing for korleis ein kan førebyggje og hindre mobbing gjennom haldningar og handlingar.

Diverse	Godt nytt år og velkommen tilbake ☺
	<u>Veke 3</u>
	Norsk: Fagsamtalar (i timane).
	Naturfag: Presentasjonar måndag, tysdag (10a og 10B), og onsdag (10C).
	Torsdag 15.januar: Arbeidslivsfag (halve elevgruppa) får besøk av Rogaland Tresenter heile dagen.
	<u>Veke 4</u>
	K&H: Innlevering av oppgåva di (den dagen klassen har dette faget).
	Kroppsøving: Me jobbar med livredning i timane. Elevane bør ha med ullklede, og skal øve på livredning i og ved kaldt vatn.
	Tysdag 20.januar: 22 elevar reiser til utdanningsmessa i Stavanger.
	Torsdag 22. januar: Skuleturnering i innebandy i Stavanger Idrettshall (nokre elevar, heile dagen).
	Torsdag 22.januar: Prøve i tysk (5.time).
	<u>Veke 5</u>
	Søking til vidaregåande skule: 10C torsdag, 10A og 10B fredag.
	Onsdag 28.januar: Forfattarbesøk (1.time)

Heimearbeid veke 3	
Måndag 12	Naturfag: Presentasjonar i dag i 10A og 10B.
Tysdag 13	Naturfag: Presentasjonar i dag i 10A og 10B.
Onsdag 14	Samfunnsfag: Me skal lære meir om NAV og i kva situasjonar dei kan hjelpe. Bruk nettsida til NAV og gjer oppgåvene på OneNote heimearbeid v.3. Norsk: Gjer heimearbeid v.3 i OneNote (førebu deg til fagsamtale). Naturfag: Presentasjon i dag i 10C. Alle skal ha i dag.
Torsdag 15	Norsk: Gjer heimearbeid v.3 i OneNote (førebu deg til fagsamtale). Matematikk: Gjer heimearbeid v.3 i OneNote. Tysk: Gjer heimearbeid v.3 i OneNote.
Fredag 16	Naturfag: Fullfør eigenvurderinga som ligger på OneNote v.3.
Heimearbeid veke 4	
Måndag 19	Kroppsøving: Hugs ullklede til kroppsøvingstimane. Du bør og ha med godt med skift for å skifta til når du er blaut. Mer detaljert info kjem på Teams.
Tysdag 20	Engelsk: Gjer ferdig arbeid i OneNote som du ikkje har blitt ferdig med på skulen. Naturfag: Gjer tildelt oppgåve på Teams (klasseteamet, ikkje naturfagsteamet). Du skal lese inn angitt tekst og svare på nokre fleirvalsoppgåver.
Onsdag 21	Samfunnsfag: Kva utfordringar har veldferdsstaten? Svar munnleg eller skriftleg på oppgåvene på OneNote heimearbeid v.4. Eng fordjuping: Jobb med bokpresentasjonen din.

Torsdag 22	Norsk: Gjer heimearbeid v.4 i OneNote Engelsk: Ferdigstill og lever personkarakteristikk av ein valfri karakter i filmen «The Hate You Give» på OneNote v.4. Matematikk: Gjer heimearbeid v.4 i OneNote. Tysk: Prøve om dativ. Førebu deg godt. Sjå målark i OneNote.
Fredag 23	Naturfag: Les side 201-205 og svar på oppgåvene side 205. (Lever i heimearbeid på OneNote)